



Se egen listeoversikt over mottakarar

Sakshandsamar, innvalstelefon

Ellen Bang Andersen, 33371025

Utlysing av kompetanse- og tenesteutviklingstilskot 2026

Tilskot til kompetanseheving og tenesteutvikling skal bidra til å redusere mangelen på personell med relevant fagutdanning i omsorgstenesten, og leggje til rette for utvikling av ei berekraftig omsorgsteneste.

Søknadsfrist 16. mars 2026 (felles for alle fylke) – Søknad i Altinn er nå tilgjengeleg

Kven kan søkje:

- Kommunar kan søkje om tilskotsmidlar til kompetansetiltak, opplæring knytt til brukarstyrt personleg assistanse (BPA) og tenesteutviklingsprosjekt
- Kommunar kan gjerne søkje i samarbeid med andre kommunar, helseføretak, næringsliv, frivillig sektor eller andre aktørar
- Høgskular og universitet kan søkje om midlar til etablering av desentraliserte utdanningar, digitale plattformer eller andre utdanningstilbod til personell i kommunar med lang reiseavstand til utdanningsinstitusjon
- Fylkeskommunen kan søkje om tilskot til kompetansetiltak innan rus og psykisk helse

Beløp som skal fordelast i Vestfold fylke og i Telemark fylke: 34 752 000 kroner

Statsbudsjettreferanse

Kapittel 760, post 60, Kompetanse, rekruttering og innovasjon, Helse- og omsorgsdepartementet. Regjeringa har løyvd 1 339,8 millionar kroner i 2026 der 376,9 millionar kroner går til kompetanse- og tenesteutviklingstilskot.

Tilskot til kompetanseheving

Rolla til Statsforvaltaren har dei siste åra blitt styrka i å koordinere arbeidet med strategisk kompetanseutvikling i regionen, og har etablert eit regionalt nettverk for å leggje til rette for samordning og samarbeid mellom utdanningsaktørane og kommunane. Ein viktig føresetnad for å møte personellutfordringane i verksemdene er at kommunane prioriterer *strategisk kompetanseplanlegging*. Statsforvaltaren og KS vil også i 2026 halde fram sitt tilbod om kurs og



retteleiing i dette. I tildelinga av tilskot til kompetanseheving vil vi leggja vekt på kva som kjem fram i kommunane sine strategiske kompetanseplanar. Vi ber derfor om at dei kommunane som har utarbeida slike planar legg dei ved søknadsskjemaet i Altinn. Utover dette har vi følgjande prioriteringar når det gjeld tilskot til kompetanseheving:

- Grunnutdanning innan helsefag og vidareutdanning av sjukepleiarar og andre høgskoleutdanna. Tilskot til etterutdanning gis berre til dei statlege satsingane som ABC-opplæring og opplæring innan BPA. Det vil seie at vi ikkje kan gje tilskot til korte interne opplæringstiltak, kurs, seminar og liknande.
- Etablering av desentraliserte og distriktsvenlege universitet og høgskoletilbod
- Kompetansetiltak om rus og psykiske lidingar (NAV, barnevernteneste, barnehage og skole kan søkje)
- Opplæring til brukarstyrt personleg assistanse (BPA): arbeidsleiarar, saksbehandlarar og assistentar. Personar som ikkje tidlegare har fått opplæring vert prioriterte.

Ein generell prioritering er óg at vi vil gi støtte til tilsette som allereie er i eit opplæringsløp og som tidlegare har fått støtte frå ordninga.

Avansert klinisk sykepleie – AKS

Vi oppmodar kommunar om å søkje Helsedirektoratet om tilskot til AKS-utdanning. Dei har eit eige tilskot «Lønnstilskudd for utdanning i avansert klinisk sykepleie (AKS)» retta mot behova i den kommunale helse- og omsorgstenesten. Kommunane kan òg søkje kompetansetilskot hjå oss, men vi gir ikkje dobbel støtte. Hovudregelen er at kommunane fyst søker tilskot i Helsedirektoratet. Deira søknadsfrist er i løpet av juni 2026. Lenkje til utlysingssida for Helsedirektoratet sine tilskot [Tilskudd - Helsedirektoratet](#)

Praksisplassar

Eit av måla for tilskotsordninga er at kommunar over heile landet har moglegheit til å etablere praksisplassar for helse- og sosialfagstudentar. Tilskot til vidareutdanning innan retteleiing bidreg til dette. Det kan også være aktuelt å organisere arbeid med å etablere praksisplassar som eit tenesteutviklingstiltak, til dømes oppretting av 'praksiskontor' eller utvikling av gode modellar for oppfølging av studentar.

Tilskot til tenesteutvikling

Forsøk med nye arbeids- og organisasjonsformer i helse- og omsorgstenestene (Tørn) er eit av dei mest sentrale tiltaka i «*Opptrappingsplan for heiltid og god bemanning*». Vi vil difor støtte opp om søknader om tilskot til Tørn og liknande prosessar som kan leggje til rette for betre bruk av personell og deling på oppgåver i helse- og omsorgstenestene.

Tilskotsordning for 2026 seier ikkje noko om kva tema innan tenesteutvikling som skal prioriterast. Vi er opptekne av at midlane skal kome heile regionen til gode, og nyttast på ein måte som gjer størst utbytte. Vi vil difor prioritere prosjekt som har god forankring i kommunale planar, brei forankring på tvers av kommunar og nivå, og/eller som har særleg overføringsverdi til andre kommunar.

Modellar for avlastning

Tilskotet har som eit mål å bidra til at det varte oppretta og testa fleire modellar for fleksible kommunale avlastningstilbod for pårørande. Satsinga er knytt til pårørandestrategien til Regjeringa, og gjennom tilskot er målet å stimulere kommunane til å tenke nytt om avlastningstilbod.



Kompetanse- og tenesteutviklingstilskotet vert sett i samanheng med andre tilskotsordningar vi forvaltar på vegne av Helsedirektoratet og Kommunal- og distriktsdepartementet sitt skjønnstilskot («Prosjektskjønnsmlider»), som òg kan brukast til kommunal innovasjon og tenesteutvikling innan helse og omsorg.

Korleis søkje

For 2026 skal søknad om tilskot sendast [Altinn - Kompetanse- og tenesteutviklingstilskudd- søknad](#) – søknadsskjema i Altinn er nå open. Sjå elles utlysinga av tilskot med rettleiingar på vår nettstad [Kompetanse- og tenesteutviklingstilskudd 2026 | Statsforvalteren i Vestfold og Telemark](#)

Regelverk for tilskotsordninga

Regelverket for tilskotsordninga finn de på nettstaden til Statsforvaltaren og på nettstaden til Helsedirektoratet. Regelverket er ikkje endra sidan 2023.

Rapportering på motteke tilskot i 2025

Kommunane/tilskotsmottakarar skal rapportere til Statsforvaltaren innan **1. mars 2026** for midlar som vart tildelt i 2025. Les meir om rapportering på nettstaden vår [Rapportering på kompetanse- og tenesteutviklingstilskudd 2025 | Statsforvalteren i Vestfold og Telemark](#)

Frist for rapportering av motteke tilskot for 2026 vil vere 1. mars 2027.

Overføring av ubrukte midlar til 2026

Hovudregelen er at ubrukte midlar etter søknad kan overførast eitt år, altså frå 2025 til 2026, jf. standardvilkåra for tilskot frå Helsedirektoratet [Standardvilkår for tilskot frå Helsedirektoratet - Helsedirektoratet](#).

Med helsing

Linda Endrestad (e.f.)
assisterende direktør

Janne Wikheim Aas
fagsjef utvikling

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakere

- 1 Kommunane i Vestfold og Telemark
- 2 Kommunalsjef HELS-OMS i kommunane i Vestfold og Telemark
- 3 Liste over mottakar utlysing 2026